



UNIVERSITETET I OSLO

DET HUMANISTISKE FAKULTET

Eksamens i EXPHIL03 våren 2017 – sjølvstudiumsvarianten

Tysdag 9. mai - kl. 09.00-13.00 (4 timer)

Oppgåvesettet består av to sider

Det er ikkje lov å bruke hjelpe middel

Du må svare på ei oppgåve frå del I og ei oppgåve frå del II

Del I: Filosofi- og vitskapshistorie

Anten:

1. Descartes og Hume

Du må både svare på a), b) og c).

a) Gjer greie for den tvilsprosessen som leier Descartes til å meine at han ikkje veit noko anna med visse enn at han finst eller eksisterer (ego sum, ego existo). Gjer òg greie for kvifor han meiner dette er heva over ein kvar tvil.

b) Ein konsekvens av Descartes' meditasjonar er oppdelinga av røynda i to substansar (dualisme). Innanfor det Descartes kallar substansen til utstrekninga (res extensa), som er den ytre røynda, har han eit mekanistisk natursyn. Gjer kort greie for hovudtrekk ved dette synet og for kva han meiner om såkalla sekundære sansekvalitetar, som til dømes farger, lydar og lukter.

c) Kva meiner Hume den vitskaplege kunnskapen vår kviler på? Gjer bruk av omgrep inntrykk, førestellingar (idear) og vanar i svaret.

Eller:

2. De Beauvoir og Hume om kvinne

Du må både svare på a) og b).

Simone de Beauvoir skriv i *Det annet kjønn*: "Kvinnens tragedie er denne konflikten mellom det grunnleggende krav hos ethvert subjekt som alltid vil hevde seg som vesentlig, og fordringene i en situasjon som former henne til å bli uvesentlig."

a) Forklar kva de Beauvoir meiner med dette.

b) Samanlikn denne tanken med Kants syn at ideen om fridom må vere overordna ideen om lukka, eller med Humes utgreiing om grunnlaget for idealet om kyskheit og etterhald som kvinnelege dydar.

Del II: Etikk

Anten:

3. Utilitarisme og deontologi

Du må både svare på a), b) og c).

a) Kva er det som gjer ei handling eller ein regel rett utilitaristisk sett, og kva meiner Smart krevjast for at ei handling skal kunne seiast å vere rasjonell?

b) Gjer bruk av omgropa 'rett' og 'rasjonell' og ta stilling til om omgropa kan kaste ljós over dei to døma nedanfor:

1. Per ser ein gamal mann som strevar med å bere ein tung koffert og tilbyr seg å hjelpe mannen. Det viser seg likevel seinare, etter at politiet har arrestert mannen, at kofferten var full av tjuvegods.
2. Kari, som er nærsynt, har drege til skogs på elgjakt, men oppdagar at ho har gløymt att brillene sine heime. Ho bestemmer seg likevel for å bli med jaktlaget ut. Plutseleg ser ho det ho trur er ein elg i buskane og skyt. Men det viser seg at mannen ho drap hadde opphalde seg på ei hytte i nærleiken for å planleggje ei terrorhandling som ville kunna teke livet av mange uskuldige.

c) Deontologen Charles Fried meiner det er moralsk viktig å skilje mellom verknader og biverknader og at ein ikkje kan snakke om rett og gale utan å gjere bruk av omgrepene intensjon. Bruk desse omgropa på døma ovanfor og drøft korleis Fried ville kunne vurdert dei.

Eller:

4. Hursthouse om abort

Du må både svare på a) og b).

a) Rosalind Hursthouse hevdar at "de velkjente, dominerende betraktningsmåtene [i abortdebatten] på sett og vis er grunnleggende irrelevante." Gjer greie for kvifor ho meiner dette, og for korleis ho sjølv meiner at ein bør sjå på og ta stilling til spørsmålet om eit abortinngrep er moralsk akseptabelt eller ikkje.

b) Peter Singer har eit heilt anna syn på abortspørsmålet enn Hursthouse. Framstill dette synet, og drøft deretter korleis du trur han ville svart på argumentasjonen til Hursthouse.